

Kyrkjeklokka

Nr. 2 - 2012

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

76. årgang

Vår representant i Bispedømerådet: Kari Synnøve Muri

Møt Kari Synnøve Muri, frå Olden, som vart innvald i Bispedømerådet sist haust. I tillegg har ho ei masse andre verv og oppgåver. Ho skriv om

Bispedømerådet og Kyrkjemøtet sine oppgåver. Side 10-11

Kari Synnøve Muri



Bemanninga i kyrkja komande arbeidsår

Pensjonert sokneprest Sigurd Stige, 67 år, er tilsett i vikariat som sokneprest i Hornindal frå 15. august 2012.

Harald Runde og Sigurd Stige kjem til å ha ansvar for dei fleste

gravferdene i Indre Nordfjord, medan Kjetil Netland kjem til å ha ansvaret for konfirmantundervisninga i alle ni sokna + Sunnlyven i 2012-13.

Vi har diverre ikkje fått søkjarar til kateket / kyrkjelydspedagogstillingane våre. Men vi får med ein ung medhjelpar: Espen Berge (biletet) skal vere praksis-student i konfirmantarbeidet gjennom heile skuleåret. Han er student ved Bibelskolen i Grimstad og er 20 år gamal.

Tekst: Kjetil Netland. Foto: Privat



Årets konfirmantkull

finn de bilete av på midtsidene. Ein flott gjeng med ungdomar som har valt å bli konfirmert i kyrkja denne våren.

Sommarleirar for born og unge

På side 4 kan de lese meir om sommarleirane som skal vere både på Fjordly og Nesholmen. Her er tilbod for ulike aldersgrupper.

Aktivitet på leir.



Naustmessa

Den tradisjonsrike naustmessa ved Bergsetnausta, vart som vanleg avvikla 2. pinsedag. Også dette året var frammettet bra, sjølv om det flotte pinseveret var i ferd med å ta slutt. Les meir om arrangementet på side 5.

Heile "kyrkjelyden" samla ved Bergsetnausta.



Seljumannamessa

er eit anna tradisjonsrikt arrangement her på våre kantar. I veka før sjølve Seljumannamessa, blir det arrangert konsertar ved ulike kor og grupper fleire stader rundt omkring i heile Nordfjord. Sjå meir om dette på side 3. Dette bør du få med deg noko av.

St. Hallvard-guttene på Selja i 2011



Frå Nordfjord til Malawi

Tekst: Fridleif Lydersen, sokneprest i Bremanger og presseansvarlig i forbindelse med turen.

Foto: Tommy Jansen Bredesen.

Til hausten arrangerer Nordfjord prosti og Kirkens Nødhjelp konfirmantreise til Malawi. Malawi er eit av dei fattigaste landa i verda. I Malawi arbeider Kirkens Nødhjelp med retten til helse, klimarettferd, økonomisk rettferd og eit liv utan vald. Kvinners rett til eit liv utan vald; og boring etter vatn er sentrale deler av arbeidet.

Innhaldet i reisa blir lagt opp for å bli kjent med dette arbeidet. Det vil bli gode møte med menneske, av og til også litt krevjande møte. Det vil også bli tid til refleksjon og bearbeiding av opplevingar.

Mange av dei som er konfirmantar i Nordfjord prosti året 2012 – 2013 har søkt på dette prosjektet. Etter ein intervju-runde er det no plukka ut til saman 14 konfirmantar, som representerer alle kommunane i Nordfjord prosti. Dei gler seg til å oppleve Afrika på nært hald, men før avreise i oktober vil konfirmantane delta på tre førebauande samlingar og dessutan minst ei samling etter reisa.

I tillegg til konfirmantane blir det to reiseleiarar frå Nordfjord, sokneprestane Kristin Stensrød og Fridleif Lydersen og ein frå Kirkens Nødhjelp, regionskonsulent for Bjørgvin Gunnar Kartveit.

Dei som reiser vil delta med informasjon o.a. på nattcupen for Nordfjord i november 2012 og 2013, og fasteaksjonen 2013 og 2014 og andre arrangement.



Deltakere og planleggere av Malawituren.



Caroline Sefu bor i Norge men er fra Malawi, hun viste lysbilder fra Malawi og fortalte om landet og kulturen.



Gunnar Kartveit fra Kirkens Nødhjelp som skal være med på turen.



Fra venstre Miriam Flo, Mona Kleppe Skåden, Odd Sindre Tønning (alle tre fra Stryn) og Oliver Haugen (Hornindal).

Innvik Fjordhotell Misjonsheimen er blitt Miljøfyrtårn

Tekst: Anna Marie S. Vatnamo

Foto: Innvik fjordhotell

Innvik Fjordhotell no er blitt sertifisert som Miljøfyrtårn. 22. mai var ordføreren her på eit møte med staben og styret, og overrekte diplomten. Vi er den andre bedrifta (utanom Stryn kommune) som er sertifisert som Miljøfyrtårn i heile Stryn kommune, og det femte av alle hotella i Sogn og Fjordane. Berre 45 bedrifter i heile fylket er sertifisert.

Vi var så heldige å få tilskot frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune, og det var det siste som skulle til for at vi sette i gong arbeidet med sertifiseringa. Personalet ved



hotellet har vore miljøbevisste lenge, så dette har ikkje vore nokon vanskeleg prosess å få dei tilsette med på. Vi har no systematisert gode rutiner for å sortere søppel i ulike fraksjonar. Vi prøvar å bruke minst muleg straum, vi er opptekne av gjenbruk og minst muleg forbruk. Som kristne syns eg vi har eit moralsk ansvar for å vere miljøbevisste.

Kanskje kan dette vere ein inspirasjon til andre til også å jobbe mot evt. sertifisering. For dei som er interesserte i saka, finn de meir på www.miljøfyrtårn.no.

Seljumannamesse 8. juli



Dagen for Seljumannamesse er 8. juli. Vi brukar å feire Seljumannamesse på Selja den søndagen som ligg nærast. I år er det fullklaff: 8. juli er søndag! Hovudgjest dette året er biskopen i Nidaros: Tore Singaas, og *St. Hallvard-guttene*, dirigert av Hans Martin Molvik, kjem i år igjen, og deltek på gudstenesta. Dei har også konsertar fleire stader og markerer blant anna sitt 50 årsjubileum med konsert i Selje kyrkje 7. juli.



Biskop Tor Singaas



St. Hallvard-guttene på Selja i 2011

Konsertar med St. Hallvard-guttene, Drops, Salomos høysangere og Ugler i Moseboken

03.07. kl. 18: Nedstryn kyrkje.

St. Hallvard-guttene

04.07. kl. 19: Operahuset, Nordfjordeid.

St. Hallvard-guttene, Salomos Høysangere, Ugler i Moseboken, Drops

05.07. kl. 20: Ervik kyrkje. *Salomos*

Høysangere, Ugler i Moseboken og Drops

06.07. kl. 18: Sør-Vågsøy kyrkje.

St. Hallvard-guttene

06.07. kl. 21: Selje kyrkje. *Salomos*

Høysangere, Ugler i Moseboken og Drops

07.07. kl. 18: Selje kyrkje. *St. Hallvard-guttene*. 50 års jubileum.

08.07. kl. 17: Syvde kyrkje. *Salomos*

Høysangere, Ugler i Moseboken og Drops

St. Hallvard-guttene blir dirigert av Hans Martin Molvik. Line Dybedal Vederhus på trompet og Jon Inge Sigerland på orgel akkompagnerer dei.

I *Salomos Høysangere* syng tenorane Jon Bjørnar Sandve og Hans Martin Molvik, barytonen Thomas Guttormsen og bassen Jon Kaasa.

I *Ugler i Moseboken* spelar Arne Henry Skullerud på trommer og Jan Martin Kvile på bass/gitar, akkompagnert av Øystein Skullerud ved tangentane.

I *Drops* syng Per Stave; Dagfinn Stave; Stig Arild Reksnes; Ove Magnus Årvik akkompagnert av Jon Inge Sigerland.

Billetter kan kjøpast på førehand, og **Coop Prix Selje** står for førehandssalet. Det er

også råd å bestille pr e-post: selje@prix.coop.no. For konsert i Operahuset: <http://www.operahuset.no>

Gudstenesta i klosteret søndag 8. juli

St. Hallvard-guttene deltek saman med prestar frå Nordfjord og Vanylven. Biskop Tor Singaas preikar. Musikalsk leiar er organist Jon Inge Sigerland. Det blir takkoffer og nattverd. Båt går frå Nabben i Selje til Bø, på innsida av Selja, og med retur etter gudstenesta. NB! Sjå annonse for rutetider og prisar! Det blir selt billetter på Nabben før båt-avgang.



Kopi av Kjell Stig Amdam: St. Sunniva 2009

Pilegrimsvandring torsdag 5. juli - søndag 7. juli

Årets pilegrimsvandring tek til torsdag morgon med 'bilegrimstur' til Stad og St. Jetmund, dvs. til Ervik, inkl. Hovden; Dragseidet, med Olavskrossen og Kongshaugen; Leikanger kyrkje og St. Jemund, Åheim. Dagen etter vandrar vi frå Rimstad – Berstadeidet – Selje, og laurdag er vandringa lagt til Selja og kloster-anlegget, m.a. med kort pilegrimsmesse i Sunnivahola.

Den som vil vere med må vere i *god nok* fysisk form, og ha høveleg utstyr: Fjellsko eller støvlar, tur- og regnkjede, dagstursekk, termos og sitte-underlag. Pilegrimsvandringa blir skipa til saman med *Holmely – omsorg og retreat*, 6711 Bryggja, tlf 92209355, e-post: holmely@nормisjon.no, som tek imot påmelding innan fristen 17. juni 2011. Det er avgrensa plass på *Holmely*. Det vil vere høve til å vere med einskild-dagar etter nærare avtale, men all deltaking krev påmelding. Bilturane går med egne privatbilar. Pilegrimsvandringa blir leia av seniorprest Sigurd Vengen.

Seljumannamesse er ei regional samling for Nordfjord og Søre-Sunnmøre, og er skipa til av Nordfjord prostiråd, sokneråda i Selje og Vanylven sokneråd.

**Velkomen til Selja
- der kyrkja i Noreg vart fødd -
Seljumannamessekomiteen
www.seljumannamesse.no**

Sommartid er leirtid!

Tekst og foto: Marius Økland
Acta-leiar, region Sogn & Fjordane

Vi har allereie fått litt forsmak på sommaren og barn og unge i Nordfjord har mykje å glede seg til på leirfronten i sommar!

På Fjordly, leirstaden på Bryggja, har ein jobba siste året med å byggje nye overnattingshytter. Arrangøren, Acta –barn og unge i Normisjon, håpar på storinnrykk av barn og unge som vil ta dei i bruk! Det er tilsett fem personar som skal jobbe utelukkande med



leir, så dette er eit ordentleg satsingsområde.

Godt fellesskap



Båtliv er alltid stas på leir.

Marius Økland, Acta-leiar i Sogn og Fjordane, seier han ser fram til å sjå hundrevis av barn, unge og familiar få oppleve godt fellesskap, artige aktivitetar, sommar, is, sjø og glade sommar dagar. Temaet for sommaren er "Helt!" og det kjem til å bli presentert på mange kreative måtar. Bibelen er ei god kjelde til å finne personar som viser seg som heltar – ikkje fordi dei er så sterke eller har superkrefter, men fordi dei stolar på Gud. Barn og unge vil også få glimt av misjonsmarka i Afrika, Asia og Mellom-Amerika. Blant anna får vi besøk av ekte misjonærar på den eine leiren! Eksotisk og spennande!

Leirmenyen er variert og barne- og ungdomsleirane er vanlegvis svært populære, så det er berre å melde seg på snarast mogleg!

Mange ungdommar er med som leiarar og får med seg nyttig erfaring og opplæring i korleis det er å vere ein leiar og førebilde. Vi har trygge vaksne med oss, men det er alltid plass til eit ekstra bestemorsfang eller ein stødig pappa – ta gjerne kontakt om du vil hjelpe til, avsluttar Økland.

Leir-menyen på Fjordly ser slik ut:

15.–17. juni, Mini-leir, 4–8 år m/følgje
21.–24. juni, Sommarleir 1, 8–10 år
28.–1. juli, Sommarleir 2, 10–12 år
11.–15. juli, Tenleir, 13–19 år

SOMMARLEIR På Nesholmen



BARNELEIRAR
//15.-17. JUNI OG 29. JUNI-1. JULI
Alder: 1.-4. klasse
Pris: Kr 600 for medl. av Noregs KFUK-KFUM
Kr 700 for andre



AKTIVITETSLEIR
//21.-24. JUNI
Alder: 5.-7. klasse
Pris: Kr 800 for medl. av Noregs KFUK-KFUM
Kr 900 for andre

gå inn på www.kfuk-kfum.no/sfj for meir info





Borna kosar seg på leir.

Kyrkjelokka

Bladet blir sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: www.kyrkjelokka.no

Redaktør for dette nummeret er:
Anna Marie S. Vatnamo,
post@kyrkjelokka.no

Forretningsfører/abonnement:
John Selmer Skiftesvik,
6788 Olden, tlf. 57 87 33 85
john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, epost

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor
Tlf. 57874123
Mobil 91184241
Sokneprest Harald Runde
Kontortid:
Tysdag, onsdag og fredag kl. 10-12
Privat 57874115
harald.runde@c2i.net

STRYN prestekontor
Tlf. 57874812
Mobil 91103134
Sokneprest Kjetil Netland
Privat 57871029
kjetil.netland@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor
Tlf. 57879833
Mobil 97689366
Vikarprest Gunnar Skrede
Kontortid:
Tysdag 9-12 og torsdag 9-12

KYRKJEVERJER
Stryn kommune
Borghild Skarelven
Tlf. 57874811
Mobil 91327882
borghild.skarelven@stryn.kommune.no

Hornindal kommune
Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf. 57879834
Privat tlf. 57879653
Mobil 97084120
Måndag 8-15, torsdag 9-13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no



"Kyrkjelyden"

Godt fram møte på Naustmessa

Usikre vermeldingar stogga ikkje dei meir enn 200 fram møte til Naustmessa ved Bergset-nausta 2. pinsedag. Det kom båtar både frå aust og frå vest, men dei fleste deltakarane kom ned dei bratte stiane frå Sølvberg og Bergset, stiar som for 100 år sidan var hovudvegen ut i verda for folket på desse gardane, - også når dei både i sorg og glede skulle til kyrkja si i Utvik.

Etter kvart vart temperaturen godt tenleg i den idylliske Skreddarhagen like aust for nausta, og regnet heldt seg unna. Og så lydde salmesongen mellom gamle frukttre, til tonefølge frå blåsarar frå Blakset og Vereide, og med deler av Vereide kyrkjekor som forsongarar: «Herre Gud ditt dyre namn å ære - -» Sokneprestane i Stryn og Innvik gjorde teneste saman med frivillige tekstlesarar, - og vikarprest i Hornindal, Gunnar Skrede, preika over dagens tekst frå Joh. 6. 44-47 som enda opp med følgjande utsegn frå Jesu eigen munn: »Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Den som trur har evig liv.»

Speidarar frå Stryn song, og mot slutten av gudstenesta såg vi ein liten båt som kom i stor fart over fjorden frå Utvik med dirigenten for Vereide kyrkjekor. Etter avslutta teneste på

orgelkrakken under høgmessa i Gimmestad kyrkje kom han såleis tidsnok til å avrunde samlinga i Skreddarhagen med å leie vakker korsong.

Etter gudstenesta var det sosialt samvær med høve til å kjøpe varm betasuppe eller/og nyte eiga niste i eit naustmiljø som er sterkt prega av flaumen 25. juli 2011. Dei tidlegare «kyrkjebenkeane» (plankar) som låg lagra på eit sagbruk ved elva, reiste då på fjorden saman med heile sagbruket, eit naust og naustmessa sin utedo. Dei sanitære tilhøva var i år ordna på annan måte, og nye kyrkjebenkar var på plass.

Men i samband med gudstenesta i år leverte Martin Berstad frå Stryn tilbake ein av dei gamle benkane med kraftig påskrift om at benken var funnen i Marsåvika på Rake 15.11.2011, - eit handfast vitnemål om den ofselege hendinga som herja Nordsida knapt 4 månader tidlegare. Martin hausta applaus frå dei fram møte for initiativet.

Også i år var båten «Isabella» frå Olden innleigd til transport av folk til og frå naustmessa. På heimvegen skulle nokre passasjerar i land i Blakset då eit dårleg markert


Framhald side 13



Speidargruppe frå Stryn song.



Deler av Vereide Kyrkjekor song, og Reidar Sørland las tekst.



Av Jon Ytrehorn

Tankar langs vegen ...



500 år med statsreligion er over

21. mai 2012 vart ein historisk dag både for Den norske kyrkja og Staten. Grunnlova vart endra. Den evangelisk-lutherske religion er ikkje lenger Staten sin offisielle religion. I staden kom formuleringa som fastslo at Staten sitt verdigrunnlag forblir vår kristne og humanistiske arv. Den norske kyrkja får større sjølvstende i høve til staten. Utnemninga av biskopar og prostar skal no skje av kyrkja sine eigne organ.

VEDTAKET var ei oppfølging av det breie kyrkjeforliket i Stortinget ved påsketider 2008. No skal Den norske kyrkja likestillast med andre kyrkje- og trussamfunn. Den statlege styrehandta over Den norske kyrkja er borte. Men Grunnlova gjev likevel Den norske kyrkja ein særleg posisjon ved at det heiter "Den norske kirke forbliver Norges Folkekirke og understøttes som sådan av Staten."

ENDRINGA av § 2 i Grunnlova har gått relativt stille føre seg. Det var først no i mai at det blei medialest om saka. Når saka skapte så lite debatt utover har det samanheng med det som skjedde på Stortinget i 2008. Under nokre spennande vårnetter vart det breie politiske kyrkjeforliket om endring av relasjonen mellom kyrkje og stat snekra saman. Dagfinn Høybråten var klok nok til ikkje å gjere dette til eigen partipolitisk merkesak. Alle parti kom med, til slutt også det trauste Senterpartiet!

MEN DET var også andre spennande ting som skjedde. Dåverande kyrkjestatsråd Trond Giske ville i utgangspunktet ikkje ha med i Grunnlova at Kongen skulle tilhøyre kyrkja. Kong Harald kalla han inn til Slottet og sa tydeleg frå at Kongen som øvste leiar for nasjonen skulle tilhøyre den kristne kyrkja som

har vore og er ein berebjelke i vår kultur og historie. Og at dette måtte sikrast i grunnlova. Giske var klok nok til å følgje rådet.

ARGUMENTA FOR endring av relasjonane mellom kyrkje og stat er kjende: Ein fleirkulturell nasjon kan ikkje gje eitt kyrkjesamfunn særstilling i grunnlova. - Uverdige å la ei statleg verdsleg makt vere øvste organ for eit kyrkjesamfunn. - Eit veksande ynskje i kyrkja om eit større sjølvstende i høve til staten. - Ulike kyrkje- og trussamfunn må likestillast i ein demokratisk stat. - Utviklinga har vist at § 2 i



Kristendomen sin plass i folket kan ikkje sikrast gjennom lov og paragrafar. Den må berast fram av dei som trur på bodskapen, i arbeid og bøn.

grunnlova ikkje betyr noko avgjerande som rettesnor i statsforvaltning og politisk liv.

ARGUMENTA MOT endring: § 2 i Grunnlova viser at Noreg er ein kristen nasjon, jfr Parolen "Skal Jesus ut av Grunnloven?" - Statskyrkja symboliserer ein åndeleg arv for nasjonen vår, og har fungert som samlingsmerke for folket, både faste kyrkjegegngarar og andre. - Vi treng statskyrkjeordninga for å sikre teologisk breidde i kyrkja, m, a. i utnemninga av biskopar. - Ei kyrkje fristilt frå staten vil kunne gjere mange positive, men passive kyrkjemedlemer heimlause. - Staten har sikra kyrkja både økonomi og fridom til å forkynne Guds ord, så kvifor kaste vrak på ei slik ordning?

PERSONLEG har eg forståing for ein del av argumenta frå motstandarane av endringa. Eg synest det er trist at grunnlovsendringa svek-

kjer nasjonen si åndelege forankring i kristendomen som gamle § 2 i si tid så tydeleg markerte. Den nye formuleringa om at staten sitt verdigrunnlag forblir vår kristne og humanistiske arv er positiv og gledeleg. Men er formuleringa tydeleg nok til å bety noko avgjerande i den politiske kvardagen?

LIKEVEL støttar eg vedtaket som Stortinget har gjort. Utviklinga dei siste tiåra har vist at § 2 i grunnlova har fått mindre og mindre å seie i statleg forvaltning og politisk kvardag. Har vi gløymt at Høgsterett alt i 1983 fastslo

at § 2 i grunnlova "ikke medfører forpliktinger for Stortinget utover ren kirkelig lovgivning". Den berre sikrar Den norske kyrkja sin plass i statsforvaltninga! - Vidare opplever eg det er uverdige og lite demokra-

tisk at ei statsmakt skal vere det øvste organet for eit kyrkjesamfunn. Det er ein arv frå ei-nevaldstida og bryt med kyrkja si sjølvforståing som eit åndeleg samfunn. Kyrkja er noko meir og noko anna enn ein etat på linje med andre offentlege etatar.

Å TRU at kristendomen sin plass i det norske samfunnet skal kunne sikrast ved å behalde § 2 i grunnlova er og blir ein illusjon. Kristendomen sin plass i folket kan ikkje vedtakast i form av lover og paragrafar. Den må berast fram av dei som trur på bodskapen, i arbeid og bøn, (Ingunn Folkestad Breistein). Tida er for lenge sidan forbi då kyrkja kunne rekne med at staten var lydige ærendsgut. No blir det tydeleg for alle at kyrkja sjølv må ta ansvar for å utføre oppdraget sitt, t. d. trusopplæring av alle døypte.

Den gamle § 2 i Grunnlova:

Alle Indvaanere af Riket have fri Religionsutøvelse. Den evangelisk-lutherske Religion forbliver Statens offentlige Religion. De indvaanere der bekjende sig til den, ere forpliktede til at opdrage deres Børn i samme.

Den nye § 2 i Grunnlova:

Værdigrunnlaget forbliver vor kristne og humanistiske Arv. Denne Grundlov skal sikre Demokrati, Retsstat og Menneskerettighetene.

Grunnlova § 4:

Kongen skal stedse bekjende sig til den evangelisk-lutherske Religion, haandhæve og beskytte denne.

Tankar kring Liv, Glede og Sorg

Eg sit her i stova mi åleine, og tenkjer tilbake på åra som er gått. Mange år tilbake då små barneføtter sprang ikring i stove og tun. Dagane var fylte med leik, moro og arbeid.

Det er godt å sitje her og tenkje, og la tankane vandre til dei gode åra vi hadde ilag. Barna vart ungdomar som reiste ut av heimen til skule og utdanning, og gode jobbar. Alt var lyst og godt og framtida låg foran.

Men så ein dag banka sjukdom på døra, ein alvorleg sjukdom. Det vart eit vanskeleg år med tvil og tru. Kvifor skulle dette hende oss, som hadde mista eit barn frå før. Ein ungdom midt i sine beste år måtte kjempe mot ein alvorleg sjukdom. Det var vanskeleg å sjå noko meining med det vi no opplevde. Sume dagar var det håp at det gjekk bra, andre dagar vart det nedtur. Ein stor operasjon, og atter litt håp, etter fleire opp og nedturar. Ein dag kom meldinga frå sjukehuset, det var kritisk, kom så snart de kan! Vi fekk vera ilag siste dagen, det vart ei god stund trass i vemod. Noko av det siste eg sa til han var: Jesus passsar på deg. Han smilte så fint, nikka fleire gonger. Stemma var svak, det var lite han kunne snakke, og snart sovna han inn. Det unge liv var slutt. Ein sein kveldstid fekk han fred og ro. Det vart ei underleg natt for foreldre og bror. Vi reiste tilbake til hans husvære. Det var fred og ro i stova som han hadde reist frå dagen før. Minnene strøymde på for oss, og tårene rann. Vi måtte berre takke for det han hadde vore for oss i alle år. Ei ny tøff tid

venta oss, og tomromet vart så stort, så stort. Alle som har mista born veit det er tungt, det er eit sår som gror seint.

Atter kom tankane kvifor, kvifor nettopp vi. Eit ord har ofte kjeme i tankane mine. Du skal lære deg å takle sorg. Du får ikkje større byrder enn du kan bera. No sit eg her og prøver samle tankane mine, for no er også min ektemake gjennom mange år borte. Sjukdom og alderdom banka atter på vår dør. På nytt har stillheita senka seg over huset. No er godstolen tom. Ingen sit der og seier "hei" når eg kjem heim frå arbeid. Ein ny epoke har teke til. Men livet må gå vidare. Å vera åleine er ein ny situasjon, det er tomt, tomt i alle rom, men også i meg er eit stort tomrom. Ei dør er lukka for godt.

Men eg har likevel mykje å takke for, og glede meg over. Tenkjer ofte på eit vers som lyder slik:


Husk blomstene i haven,
ikke løvet som falt,
Husk de gyldne øyeblikk,
ikke tunge stunder.
Se stjernene som stråler,
ikke mørket.
Tell smilene du møter,
ikke egne tårer.
Da vil du oppdage at
livet fremdeles har
mye å gi.

Frå ei mor med livserfaring

Tunnelgudsteneste startar Open Dag for Kvisvegen 16. september

Tekst: Jon Ytrehorn

Søndag før den offisielle opninga av Kvisvegen innbyr Statens Vegvesen til Open Dag 16. september med rikt kulturprogram. Arrangementet startar kl. 12 med gudsteneste i den store tunnelhallen. Ei nemnd har vore i arbeid med å førebu gudstenesta som har fått tittelen "Lys i tunnelen!" Sokneprest Kjetil Netland blir liturg, og sokneprest i Austefjorden, Kjell Arne Isene, vil halde preika. Henny Koppen vil leie korsongen der kyrkjekor både frå Ørsta, Volda, Hornindal, Stryn og Loen vil delta. Unge og eldre frå ulike bygder nord og sør for fylkesgrensa er med i skriflesing og bøn. Ein ventar stort innrykk frå begge fylka, og folk blir oppmoda om å ta med klappstolar. Vegvesenet og Kyrkja ynskjer folk frå alle bygder velkomne.





Konfirmantar i Nedstryn

1. rekke frå venstre: Margrethe Arntsen, Maria Svarstad Jeng, Ane Marie Lødøen, Synne Nygård, Lone Kathinka Vik, Lena Lunde Vinsrygg, Julie Skrede Edvinsen, Kristine Bhawna Tonning Brekke, Pernille Kirkeeide Hjelmeland, Ida Victoria Lind.

2. rekke frå venstre: Siri Seljeset Ommedal, Malin Væroy Sørensen, Eline Nesdal, Hilde Skoglund Bø, Anita Langeset, Rebekka Årvik, Edit Skilbrei Hilde, Olivia Leona Oppheim Bakkebø, Vilde Kjosnes, Anna Håheim Flo, Helga Vik Skrede.

3. rekke frå venstre: Kristoffer Hatlestad Arnes, Dan-Marius Glosvik Espeland, Julian Hove, Marcus Hool, Oddbjørn Fløtre Reed, Oliver H. Standal, Jan-Ove Sunde, Fredrick Egge Eimstad, Håkon Gotteberg Egge, Rasmus Bø.

4. rekke frå venstre: Sigrun Reinhardttsen, Gunnar Tjensvold, Fredrik Svarstad, Ådne Nygård, Kjell-Martin Midtkandal, Eirik Lødemel Bøe, Gaute Bø, Kristian Severin Høg-almen Stang, Kjetil Netland.



Konfirmantar i Utvik

Frå venstre: Sarah Gjerløw Sæternes, Simen Christoffer Rye Hestenes, Jens Rasmus Hage, Beate Flatjord, Heidi Skålid Amundsen.

Konfirmantar i Olden

1. rekke fra venstre: Ida Olsbø, Marita Beinnes, Jenny Vangberg Solstad, Silje Hafsaas Sundsøy, Kristina Sunde Helstad, Lise Mari Tonning, Eirin Iversen Kvamme.

2. rekke fra venstre: Sigrun Reinhardttsen, Jonas Jorås Eide, Hildegunn Muri, Kristine Skårhaug Holen, Johanne Øye Hoel, Bendik Kvamme, Heidi Skålid Amundsen.

3. rekke fra venstre: Andreas Olai Løken, Sandra Solheim Eide, Benedikte Gjertsen, Rasmus Egdetveit Skarstein, Lars Marius Kveen Gjertsen, Jan Erik Hoddevik

4. rekke fra venstre: Julie Solheim Beinnes, Steven Høg-almen Solheim, Tony André Haugen.

**Konfirmantar i Innvik**

1. rekke frå venstre: Ingelinn Tveneseter, Maria Heggdal Fivelstad, Geir Arne Sumagang Gjerde, Heidi Skålid Amundsen.

2. rekke frå venstre: Nicolai Garlid Bolset, Erik Amble Haugen, Amalie Verlo Skogstad.

**Konfirmantar i Nordsida**

Frå venstre: Bjarte Bergset, Edit Skilbrei Hilde, Matias Sølberg Spilde, Målfrid Roset Even Andreas Ulvedal, Sigrun Reinhardtsen.

**Konfirmantar i Oppstryn**

1. rekke frå venstre: Amalie Vatnehagen Flo, Sunniva Gjengedal, Tonje Veum Stølen.

2. rekke frå venstre: Eirin Berge, Stine Anita Lindvik, Kenneth Bo Lindvik Andersen, Erika Bø Håheim.

3. rekke frå venstre: Kristin Marie Gjørven, Kjetil Netland, Kristian Glomnes.

**Konfirmantar i Loen**

1. rekke frå venstre: Alice Madelaine Rake, Maria Bødal, Amalie Elisabeth Rauset, Kamilla Katrin Rake, Emma Opheim Drageset.

2. rekke frå venstre: Anders Sæten, Bjarne Nesje, Martin Sæten, Kjetil Netland, Ole Jakob Sande, Vegard Vonheim, Filip Orlay, Augustinas Linaburgis, Bjørnar Sæten.

Foto:

Utvik og Innvik:
Kjell Mortveit.

Nordsida:
Hege Heggheim
Ulvedal.

Oppstryn, Nedstryn
og Loen:

Kåre Tønning.
Olden:

Halvard Huus.
Hornindal:
Oskar Haugen.

**Konfirmantar i Hornindal**

1. rekke: Prest Gunnar Skrede, Jorid Anna Kongsvoll, Lisbeth Kirkhorn Melsåsen, Jenny Mari Tomasgard, Kari Ada Kongsvoll, Stine Karoline Lødemel Halstensen og Guro Valheim.

2. rekke: Jonathan Isak Rasmus Lungård Hove, Joachim Gausemel, Andreas Kjøs Seljeset, Adrian Grodås og Alexander Flåm Røberg.

3. rekke: Ola Christian Helgesen Haugen, Henrik Grodås, Nikolai Otterdal Heggen, Aleksander Taraldset, Simen Bruheim Løvlid og Verner Tronstad Myklebust.

*Kari Symnøve Muri
(47 år), frå Olden, vart
sist haust valt inn
i Bispedømerådet.
Dermed møter ho også
på kyrkjemøtet.*

*Som om ikkje det var
nok, kom ho også inn i
Stryn kommunestyre
for KrF. Når ho i tillegg
er soknerådsleiar
i Olden, kan ein lure
på om ho har fritid
igjen i det heile.*

*Til dagleg arbeider ho
som fysioterapeut og
folkehelse-koordinator i
Stryn kommune.*

*Med andre ord:
Ei dame med mange
jarn i elden.*

– Du vart valt inn i bispedømerådet sist haust. Kan du seie kva som er bispedømerådet sine oppgåver?

– BDR har eit overordna ansvar for det kyrkjelege arbeidet i Bjørgvin bispedøme som dekkjer Sogn og Fjordane og Hordaland. BR tilset prestane og er arbeidsgjevar for dei. BR skal syte for at kyrkja har best mogleg arbeidsvilkår, og sikre at kyrkjelydane ivaretek sitt ansvar som er gudsteneste-feiring, trusopplæring, diakoni, misjon og kyrkjemusikk/kultur. Fordele personell-messige og økonomiske ressursar, lage reglar og retningslinjer, inspirere og rettleie, sette igong nye tiltak. Biskopen har ein sjølvstendig leiar- og tilsynsfunksjon, men han er også medlem i BDR som til saman har ti medlemar.

– Som representant i bispedømerådet deltek du også på kyrkjemøtet. Sei litt om kva dette går ut på?

– Kvart år samlast alle BDR til eit felles møte – Kyrkjemøtet, som går over fem dagar, og gjerne blir kalla DNK sitt «Storting». Vi samlast for å løfte opp det som er Den Norske Kyrkja sitt oppdrag, og visjonen er: «I Kristus, nær livet – ei

”Vår” representant i Bispedømerådet:

Kari Synnøve Muri

vedkjennande, misjonerande, tenande og opa folkekyrkje». På KM blir ordningar utforma og eventuelle reformer sette i gong, mål og strategi blir staka ut, lover blir vedtekne, og utfordringar blir drøfta.

– Kva betyr det for oss i Indre Nordfjord at du er vår representant?

– Det betyr iallfall at de har ei stemme som kan tale vårt område si sak når det er særleg behov for det. Eg set pris på at folk engasjerer seg, og opplever det positivt når folk kontaktar meg med saker dei brenn for eller peikar på konkrete utfordringar.

Eg har eit konkret døme på dette. På Kyrkjemøtet var trusopplæringa eit sentralt tema i generaldebatten. Då fekk eg høve til å peike på behovet for å utdanne fleire kateketar til å fylle alle stillingane som har blitt oppretta med Trusopplæringsreformen. Dette vart plukka opp av media, og eg fekk sett fokus på dei utfordringane vi har med rekruttering i heile Nordfjord. Dette er ei sak eg kjem til å følgje opp, for den er avgjerande for at denne reformen skal lukkast på lang sikt - det gjeld her lokalt, men det gjeld og for heile kyrkja.

– Kva var din motivasjon for å stille som kandidat til desse verva?

– Eg har alltid hatt eit aktivt grasrot-engasjement i kyrkje og bedehus, og synest det er veldig interessant å no kunne vere aktiv på bispedømenivå. Men eg kjenner på at det er eit stort ansvar, og eg er både takksam og audmjuk over å ha fått denne tilliten frå dei som har valt meg. Når eg sa ja til å vere kandidat, var det litt tilfeldig og utan at eg hadde tru på at eg skulle bli vald. Men eg har høg motivasjon også for dette arbeidet i Guds rike.

– Kva har bispedømeråd/kyrkjemøte å seie for folk flest i kyrkjelydane?

– I praksis er dei aller fleste sakene i lokalkyrkjelydane berørt av desse organa, enten ved at BDR/KM har laga reglar/lagt rammvilkår, eller ved at sakene må innom BDR før endeleg godkjenning. Alt frå liturgiane og kva som står i salmeboka – til organisering av trusopplæring og utsmykking av kyrkjene, er det desse organa som avgjer. I BDR blir det t.d. bestemt korleis presteressursane og ein del økonomiske ressursar skal fordelast.



Kari Synnøve Muri frå Olden er "vår" representant i Bispedømerådet.

Dette gjer at sokneråda og BDR har tett dialog ganske ofte, men i praksis skjer det meste av kontakten med administrasjonen på bispedømmekontoret.

– Kva meiner du om grunnlovsendringa 21. mai, der kyrkja vart lausriven frå staten?

– Etter mitt syn var tida overmoden for eit skilje, men det var sikkert bra det ikkje kom tidlegare. No skjer det ved eit politisk forlik som vart vedteke i Stortinget mot tre stemmer, og etter ein lang og grundig prosess innan kyrkja, der alle kyrkjelege instansar har samla seg om denne løysinga. Det sikrar at Den Norske Kyrkja endeleg blir eit sjølvstendig trussamfunn, og at dette trussamfunnet framleis skal vere folkekyrkja i landet vårt. Som majoritetskyrkje har vi både rettar og pliktar som må følgjast opp, det har eg tiltru til at denne endringa vil sikre. Til beste for kyrkja vår og landet vårt.

– Kva er dine argument for dette?

Den orienteringa som kyrkjerådet sende ut til alle kyrkjene etter vedtaket, synest eg gav ei god oppsummering av dei viktigaste argumenta:

- Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn skal no stillast likt. Dette inneber at mynde vert flytta frå storting og regjering til kyrkjelege organ.
- Grunnlova skal framleis sikre desse verdiane:
 - respekt for alle menneske sitt likeverd
 - rom for kulturelt og religiøst mangfald
- Ein endra relasjon til staten gir kyrkja nytt frimod til å vere I Kristus, nær livet – ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.

– Du vart også valt inn i kommunestyret ved valet i haust. Kvifor stilte du til val der?

– Eg vart spurdt om å stå på liste, og sidan eg er alminneleg samfunnsengasjert tenkte eg at det er vel noko som bør vere kvar sin gong, nærast som ei borgarplikt. Men hadde eg visst at eg kom inn i bispedømerådet, hadde eg nok tenkt meg litt

betre om før eg sa ja til å stå på liste til kommunestyret der det nok var statistisk større sjanse for å kome inn. Det er krevande å ha begge verva i same periode, men så langt har det gått bra. Det er mykje som går når ein synest det er kjekt!

– Har du nokon hjertesaker, som du brenn ekstra for?

– Eg er oppteka av å ikkje miste perspektivet i all aktiviteten. Det viktigaste er ikkje alle møta, og alle flotte planar. Det aller mest dyrebare i kyrkja vår skjer i lokalkyrkjelydane og i møte mellom einskildmenneske. Hovudfokuset for kyrkja må vere at Gud openberrar seg i Ordet sitt og i fellesskapet. Han lengtar etter fellesskap med alle menneske, Jesus lever og gjer dette mogleg – ved Den Heilage Ande. Difor brenn eg for det lokale kyrkjelydsarbeidet, særleg for gudstenesta. Eg ynskjer å framsnakke gudstenesta: der får ein noko ein ikkje får andre stader, og eg håper endå fleire oppdagar verdien i den. Guds nåde er gratis – og den er tilgjengeleg for alle!

Salmen min

"Eg ser deg Gud..."

Frå eg var lita jente har versa frå songen "Eg ser deg Gud..." tala til meg, skapt draumar og kalla fram kjensler, og fått meg til å oppleve at Gud alltid er med og synleg, også gjennom sitt skaparverk.

Eg vaks opp i ei lita veglaus grend i Selje, og naturen frå sjøen til utmarka var mitt leikeeldorado. Våren var spennande med nytt liv, nye opplevingar, lamma som dansa omkring, og eg sprang for å finne dei første kvitveisane som eg ville gje til mora mi. Ja, til og med no blir eg yr av glede over å finne dei første blomane "mellom stein og strå", så fullkomne, og med så fine fargar og former.

Det var og er fantastisk å få leve nær naturen, nær Gud sitt fullkomne skaparverk/kunstverk, vakrare enn nokon kunstnar kan få det til: Ein liten stein, ein mosedott, ein blome, dei steile fjella, fossane og elvane med tonar i moll og dur, det livgevande vatnet som renn mot store og små vatn, og mot havet langt der ute med slakke

dønningar og dei enorme bølgiene. Mikro og makro.

Ja, alt på jorda og i verdensrommet er bygt opp av usynlege atom, og der ute i det veldige rommet har vi ikkje berre ei sol, men billionar.

Og "vår" sol sender sine herlege strålar av lys og varme til oss, og kveldssola sin fargeeksplosjon over land og sjø.



På fine haust- og vinterkveldar ser vi mot stjernene langt der ute, og undrar oss over at stjerner som har slokna for millionar av år sidan, enno lyser for oss. Og vender vi blikket mot bakken der snøen og frosten ligg, så lyser eit hav av

små iskrystallar mot oss. For ein spennande Gud vi har!

For meg har det alltid vore viktig å sjå det store i det små, også når det gjeld menneske.

Det er sagt at jorda er Guds hage i universet, og her bur vi. Gud har skapt dette paradiset, og vil at vi skal ha eit godt liv her, og seinare i all æve.

Eg har funne inspirasjon i versa "Eg ser deg Gud", som for meg også er ei takk og bøn til vår gode Gud.

Johanna Nygjerd

Eg utfordrar **Ivar Kyrkjeide** til å skrive om sin song/salme til neste nr. av Kyrkjeklokka.

"Eg ser deg, Gud ..."

Eg ser deg, Gud,
i kvar den blom som tirer,
I fagre fargar mellom stein og strå.
Som alle opp mot
sol og himmel stirer
Med bjarte smil som barneaugo små

Eg ser deg, Gud,
i kvar den bekk som skumar
I kvite fossar mellom knaus og koll
Og klær i brudeskaut
den unge sumar
Og syng sitt liv utover vang og voll.

Eg ser deg, Gud,
i kvar den tind som syner
Eit bilete av din stordom og din glans,
Når soli honom
med sin gullkrans kryner,
Og snøen bind av sylv sin glitrekrans.

Eg ser deg, Gud,
i alt det liv som yrer
Kring jordi all og høgt i stjernesveim.
Eg ser kor vel
du skipar alt og styrer
Som kjærleg fader i ein barneheim.

Barstad

Takk for oss!

Vår tid som kyrkjelydspedagoger i Stryn er omme. Det har vært en opplevelse for oss å bo og jobbe på verdens vakreste plass. Vi må bare takke og neie for ei fantastisk tid. Den vakre naturen kommer vi til å lengte tilbake til når bylivet møter oss i løpet av høsten, men det er nok allikevel møte med menneskene som vi kommer til å ta best vare på. Vi har møtt så mange varme, fine og imøtekommende mennesker.

Gjennom tida i Stryn har vi blitt utfordra, fått lov til å prøve oss på store arbeidsoppgaver, og boltret oss i det store



Sigrun Reinhardtsen (t.v.) og Heidi Skålid Amundsen

spennet av ulikt kristent arbeid som finnes i Stryn. Det har vært ei enormt lærerik tid

på mange måter. Dette er jo våre første jobber etter utdanning, og er med det ei tid vi kommer til å huske hele livet. Det er mye vi har lært i år, som vi også kommer til å dra god nytte av senere. Planen videre er å studere teologi på Menighetsfakultetet i Oslo, hvor vi da har fire år igjen før vi kan kalle oss prester.

Tusen takk for at dere alle har tatt så godt imot oss, og tusen takk for oss! Dere skal ikke se bort i fra at vi kommer tilbake en gang i løpet av livet. Stryn har fått en spesiell plass i hjertene våre.

Hilsen Sigrun og Heidi

Oddny under open himmel

Sjå, eg skaper noko nytt

No gror det fram. Merkar de det ikkje? Dette verset i Jesajaboka har stege for meg i heile vår. Det var kaldt og surt. Nysnø kom ned i fjella fleire gonger, men likevel ydda nytt liv fram.

”Kvar dag kom nye under
umerkande mest å sjå:
ei sløring av gylne knoppar
og bryddande, mjuke strå.”

Slik uttrykte Jakob Sande det som hender. Ein annan har sagt det slik: ”Kall denne jorda vi har ervt, ei englemark, eit himmelsk land.” Ein maikveld stod eg ved ei vegskråning og såg eit teppe av rosa tytebærblomstrar, og eg drøymde om dei raude bæra.

Kvar er opphavet? Eg kan ikkje anna enn tru på ein Skapar. Den første truddomsartikkelen lærde eg som barn, og den har følgt meg til denne dag.

Den første skapinga var noko stort som vi har høyrt eller lese om, men det som vi ser i naturen kvar dag, talar til oss. Alt er så velskapt, så mykje finare enn vi kan forstå, og på kort tid, med dei fargane og funksjonane som er over vår forstand.

”Gled og fryd dykk til evig tid over det som er skapt” fortset Jesaja.

Men vi må ikkje gløyme at det er Skaparen vi skal ære. Han skal ha æra i all

æva. Brorson slutta salmen: Opp, alle ting som Gud har gjort, slik:

”Opp, alle folk på denne jord,
Syng frydetoner sammen:
Halleluja, vår Gud er stor!
Og himlen svare: Amen!”

Ein forkynnar i GT seier det slik:

”Tenk på din skapar i ungdoms år! Ja, tenk på din skapar før sølvsnora slitnar!”
Og ein salmist seier: ”Kom, lat oss bøya oss og tilbe, bøya kne for Herren, vår skapar!”

Så kjem eit men

”For skapningen vart lagt under forgjengelegdom, ikkje av eigen vilje, men fordi Gud gjorde det så”. Det som er vissast i livet, er at alt med liv må døy, menneske som dyr og plantar. Underleg at om våren, i den fine årstida, vert det mange dødsfall. Mange heimar har fått opplevd at nokon kjære fekk heimlov denne våren også. Sølvsnora slitna, og orda lydte: ”Til jord skal du bli”. Tomrom og sagn vart igjen.

Men der er ei von og trøyst, ein fridom som Guds born skal eige i herlegdomen. ”Vår Herre har skrivne løftet om oppstandelsen ikkje berre i bøker, men i kvart blad om våren”, sa Luther. Og atter som eit under nytt liv av dauden gror. Lat oss bruke tida godt! ”Dette er dagen som Herren har gjort: lat oss juble og gleda oss no.”

God sommar!



Takk!

I skrivande stund er eg fylt av ordet TAKK. Takk for heider, medalje og blomster!

Takk for barnekor-song!

Takk for det store hjartet med dei små som eg fekk i februar med Barnekoret! Det var de som skulle hatt kvar sitt, men alle er de meir eller mindre inne i hjartet mitt, både dei som er barn i dag, og dei som har vore barn tidlegare i bygda.

Kjærleg helsing Oddny

Kongens fortenestemedalje til Oddny Torheim

Som mange no kjenner til, fekk Oddny Torheim på 17. mai tildelt Kongens fortanestemedalje for sin store innsats for frivillig arbeid gjennom ei årrekkje. Er det nokon som verkeleg fortener denne utmerkinga, må det vere Oddny.

Vi stiller oss blant gratulantane!

Framhald frå side 5

undersjøisk tåg vart fanga opp av propellen og førde til båtstopp 20 m frå land.

Lokal dykkar vart tilkalla pr. mobiltelefon, og Kjell Olav Gausnes, som bur 300 m frå havaristaden, hoppa i fjorden i fullt utstyr og vart borte under båten. Og medan Kjell Olav løyste floken der nede, og boblene frå dykkarflaska steig opp frå djupet, tok skipper Per Skarstein fram trekkspellet sitt og underheldt passasjerane og alle dei nysgjerrige på land.


Dette vart eit ekstra postludium før «Isabella» kunne fullføre heimturen etter ein fin pinsefest og ein hendingsrik dag.

Ab

Eitt års dåpshelsing i Olden sokn!

Undervisningsutvalet i Olden sokn har i mange år gjeve eit bilete til dåpsbarna eitt år etter dåpen. Vi er kjend med at det i perioden 2005-2008 vart forsømt å gje denne helsinga til barna. Dei foreldra som veit at sine barn ikkje har fått, kan ta kontakt med Ottar Åbrekk tlf 48159750 eller Møyfrid Sømme Kvamme tlf 91561338. Barna som vart døypt i 2010 og 2011 vil bli invitert til kyrkja på familiegudsteneste til hausten der dei vil få utdelt bilete.

Tekst og foto: Møyfrid Sømme Kvamme





Slekt skal følge slekters gang



Oppstryn

Døpte:

- 13/3 Jonas Tunold Yttergård.
For. Gerd-Jorunn Yttergård
og Kjetil Rune Tunold
- 8/4 Maria og Peter Deubach Mork.
For. Synnøve Mork og Bjørn
Deubach
- 8/4 Jonas Nesje Drageset. For. Linda
Nesje Drageset og Jan Inge Drageset
- 8/4 Madelen Nygård Seim. For. Renate
Aga Nygård og Harry Seim
- 8/4 Sigve Flataker. For. Kristine Sylte
Flataker og Olav Simon Kristoffer
Oksholen Flataker
- 8/4 Tiril Aga Reme. For. Iris Aga Nygård
og Arne Reme

Døde:

- 4/4 Svanhild Bolstad f. 1912
- 9/5 Kåra Nygård f. 1917
- 23/5 Martin Åsvoll f. 1926

Nedstryn

Døpte:

- 19/2 Madelen Skodjevåg. For. Linda
Hatlestad og Sigurd Skodjevåg
- 19/2 Ulrik Hauge Otterdal. For. Agnethe
Hauge og Sveinung Otterdal
- 19/2 Leonora Aarnes Nyland. For. Nina
Katrine Aarnes og Oddvar Nyland.
Døpt i Breim kyrkje
- 4/3 Åsmund Kyrkjeeide. For. Charlotte
Haukaas og Ingebrigt Kyrkjeeide
- 1/4 Lilly Tjugen Slaattelid. For. Kristin
Monica Tjugen og Bengt Are
Slaattelid
- 1/4 Live Gundersen Heggstad.
For. Linda Gundersen Heggstad
og Olav Rune Heggstad
- 15/4 Elias Lyslo Kvamme. For. Anne
Lyslo og Jørn André Kvamme
- 27/5 Tomine Seland Karlsbakk.
For. Elisabeth Seland Karlsbakk
og Eivind Vorren Karlsbakk

Vigde:

- 26/5 Kari Ann Hagen og Einar Fredheim

Døde:

- 18/1 Magnar Ytreeide f. 1956
- 10/4 Johanna Pernille Rake f. 1924
- 12/4 John T. Nedreberg f. 1922

- 7/5 Torolf Folkestad f. 1923

- 21/5 Odd L. Bøe f. 1920

- 22/5 Arvid Sunde f. 1928

Loen

Døpte:

- 9/4 Tuva Molvær Jørgensen.
For. Lillianne Marie Molvær
Jørgensen og Ronny Pettersen
- 9/4 Ulrik Fonn Grov. For. Marita Fonn
og Jarle Grov

Døde:

- 19/2 Anton Rake f. 1924
- 21/4 Rannveig Haugen f. 1927

Utvik

Døde:

- 20/4 Andreas Bruland, f. 1923.
- 30/4 Borghild Valaker, f. 1920.

Innvik

Døpte:

- 11/3 Theo Myrvang Lee.
For.: Katrine Myrvang Lee.
- 11/3 Johannes Kvame Brosvik.
For.: Ståle Brorsvik og Anne Line
Kvame.
- 22/4 Torje Lyslo Søndena. For. Andreas
Søndena og Kristin Lyslo Søndena.
- 27/5 Stian Skåden. For.: Eivind Ole
Skåden og Jill-Trude Dyrvang.

Døde:

- 29/4 Brynhild Mortveit, f. 1931.
- 3/5 Anna Dragesæt, f. 1923.

Olden

Døpte:

- 4/3 Kristoffer André Høgalmen.
For.: Stig Erik Høgalmen
og Kathrine Høgalmen.
- 8/4 Simon Kvamme Syversen.
For.: Geir Inge Muri Syversen
og Iselin Iversen Kvamme.
- 22/4 Sofie Åsnes Skarsstein.
(Døpt i Innvik)
For.: John Andreas Skarstein og
Silje Åsnes Skarstein.
- 27/5 Olav Myklebust Røen.
For.: Odd Aril Røen
og Mette Pernille Myklebust.

Døde:

- 16/3 Rasmus O. Skarstein, f. 1935.
- 17/4 Elfrid Løken, f. 1923.
- 29/4 Andreas Vedlog, f. 1933.

Hornindal

Døpte:

- 4/3 Elvira Fjellvang. For. Lise Katrin
Hetle og Egil Fjellvang
- 25/3 Johanne Borthheim Navelsaker.
For. Marie Borthheim og Runar
Navelsaker
- 22/4 Elling Svarstad Espe. For. Kari
Agnete Svarstad og Frode Espe
- 27/5 Matheo Heggen Hovlid.
For. Rosmari Heggen
og Vegard Marvin Hovlid

Vigde:

- 26/5 Hanne Beate Myrvang
og Thomas Haugen

Døde:

- 12/1 Sigrid Maurset f. 1928
- 25/2 Else Gunnvor Navelsaker f. 1913
- 10/3 Pernille Bakke f. 1925
- 28/2 Jan Rasmus Øen f. 1924
- 29/3 Ola Øen f. 1933
- 6/4 Bergit Maurset f. 1914
- 20/4 Charles Weeler Faulk f. 1928
- 26/4 Rasmus Nikolai Nybø f. 1918
- 28/4 Rolf Lien f. 1925
- 4/5 Edit Kjellaug Storevik f. 1932

Nordsida:

Døpte:

- 26/2 Sigrid Ulvedal. For. Bente Østreim
Ulvedal og Geirmund Ulvedal
- 18/3 Sigvart Sølvsberg Teigen.
For. Tove Kristine Sølvsberg
og Torbjørn Teigen
- 6/5 Torjus Tøfte Heimlid.
For. Ruth Maria Tøfte Heimlid
og Jon Rune Heimlid.
Døpt i Vågåkyrkja.

Døde:

- 13/3 Ragnhild Sofie Moen Berglid
f. 1934

Randabygd:

Døpte:

- 18/3 Lovise Tytingvåg. For. Elin Sørum
Aasen og Øystein Noralf Tytingvåg
- 6/4 Alexander Aaland.
For. Monja Johanne Tytingvåg
Aaland og Trond Erlend Aaland
- 3/6 Sivert Rand Hopland.
For. Hildegunn Rand og Jan Ove
Hopland

Vigde:

- 26/5 Susann Katrin Gald
og Jens-Erik Ertzaas

Døde:

- 28/3 Adolf Osen f. 1915



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje er du velkomen i nabokyrkja

17. juni; 3. s i treeiningstida – Joh 1, 16-17

Loen 11:00 Gudsteneste. Konfirmantjubileum
Nordsida 11:00 Gudsteneste med nattverd
Sundshaugen, Olden 14:00 Friluftsgudsteneste

Onsdag 20. juni kl. 08.45: Skulegudsteneste i Olden gam. kyrkje Kl. 09.45: Skulegudsteneste i Innvik kyrkje

24. juni; 4. s i treeiningstida – Matt 16, 24-27

Nedstryn 11:00 Gudsteneste
Prestestøylen, Innvik 14:00 Friluftsgudsteneste ved Kjetil Netland
Kvalen, Randabygd 14:00 Friluftsgudsteneste
Loen 14:30 Katolsk messe

01. juli; 5. s i treeiningstida – Matt 7, 21-29

Oppstryn 11:00 Gudsteneste
Hornindal 11:00 Gudsteneste
Olden 20:00 Gudsteneste

08. juli; 6. s i treeiningstida – Matt 16, 13-20

Selje kloster, Selja 11:00 Seljumannamesse
Nedstryn 20:00 Gudsteneste ved Gunnar Skrede

15. juli; 7. s i treeiningstida – Luk 19, 1-10

Innvik 11:00 Gudsteneste ved Gunnar Skrede
Loen 20:00 Gudsteneste ved Gunnar Skrede

22. juli; 8. s i treeiningstida – Mark 12, 37b-44

Nedstryn 11:00 Gudsteneste ved Gunnar Skrede
Sølvbergstøylen, Nordsida 14:00 Setermesse

29. juli; Olsok – Luk 9, 23-26

Innvik 11:00 Gudsteneste
Olden gamle kyrkje 19:00 Gudsteneste
Oppstryn 20:00 Gudsteneste
Utvik 20:00 Konsert

05. august; 10. s i treeiningstida – Matt 18, 21-35

Nedstryn 11:00 Gudsteneste
Svormuseet, Hornindal 12:30 Kultur-gudsteneste i samband med kulturdagane
Myklebuststøylen, Utvik 15:00 Støylmesse

12. august; 11. s i treeiningstida – Mark 2, 23-28

Nordsida 11:00 Gudsteneste
Flofjellet 12:00 Friluftsgudsteneste i samband med minnemarsj for 22. juli 2011. Sjå nærare kunngjering.

19. august; 12. s i treeiningstida – Luk 8, 1-3

Nedstryn 11:00 Gudsteneste
Nesodden, Loen 15:00 Friluftsgudsteneste
Ljosheim 19:00 Gudsteneste

26. august; 13. s i treeiningstida – Luk 12, 41-48

Oppstryn 11:00 Presentasjon av konfirmantar
Olden 11:00 Presentasjon av konfirmantar
Randabygd 11:00 Presentasjon av konfirmantar

02. september; 14. s i treeiningstida / Vingardssundag – Luk, 17, 7-10

Loen 11:00 Presentasjon av konfirmantar
Innvik 11:00 Presentasjon av konfirmantar. Konfirmantjubileum for Innvik og Utvik
Hornindal 11:00 Presentasjon av konfirmantar
Nedstryn 19:00 Presentasjon av konfirmantar

09. september; 15. s i treeiningstida – Luk 10, 38-42

Nedstryn 11:00 Gudsteneste
Utvik 11:00 Presentasjon av konfirmantar
Nordsida 11:00 Presentasjon av konfirmantar. Nattverd

Helga 11. – 12 august: 1-års minnemarkering for 22. juli

22. juli 2012 vert terror-åtaka mot regjeringskvartalet og AUF sin sommarleir markert i Oslo og i Hole. Svært mange av dei som er direkte råka av terroren vil vere med på desse sentrale markeringane.

Difor vil vi her i Stryn leggje 1-årsmarkeringa til helga 11.–12. august.

Laurdag ettermiddag vil eit minnesmerke verte avduka i Stryn sentrum, og søndag arrangerer Oppstryn sokneråd minnemarsj med friluftsgudsteneste på Flofjellet.

Førebels program:

Laurdag 11. august 2012

17.00 Avduking av minnesmerke i Stryn sentrum, parken sør for omsorgsenteret.

Fylkesmann Anne Karin Hamre, ordførar Sven Flo, repr frå AUF.

Etter avdukinga vert det minnekonsert og enkel servering i Stryn kulturhus.

Søndag 12. august 2012

Minnemarsj over Flofjellet, frå Vollset til Flo.

Det vert organisert busstransport frå Stryn til Vollset før marsjen, og frå Flo til Stryn og Hellesylt etter marsjen.

12.00 Friluftsgudsteneste ved skihytta på Flofjellet

Etter gudstenesta vart det sal av grillmat ved regional støttegruppe for 22. juli.

Sjå nærare kunngjering i Fjordingen, Sunnmøringen, www.stryn.kommune.no, og www.kyrkja.stryn.no.

Nokre spørsmål til Hornindal sokneråd

"Eg går og lurar på ein del ting som gjeld kyrkje og kyrkjegard i bygda vår, og som eg har lyst til å få svar på gjennom Kyrkjeklokka" skriv ein person frå Hornindal. Vedkomande har merka seg at fleire lurar på dei same spørsmåla og ynskjer no at svara blir gitt gjennom kyrkjelydsbladet, slik at mange kan få del i dei.

Kyrkjeklokka har bedt kyrkjevevje Anne Lødemel Honningsvåg om å svare. Her er spørsmåla frå vedkomande, og svara frå kyrkjevevja.

1: Rullestolrampe ved kyrkja.

Spm: I fleire år har det vore arbeidt med å få til ein tenleg rullestolrampe ved Hornindal kyrkja. Vi er fleire som har ofra for å få bygd ein slik. Men det har drege ut. Kvifor går det så tregt med å få dette realisert, og når kan vi forvente at ein rullestolrampe er på plass?

Svar:

Det er fleire grunnar til at arbeidet ikkje er kome i gong. Hovudgrunnen til at det har teke tid er økonomien. Pristilbod pr. 28.05.11 var på kr. 98.750,- (materiale og arbeid, utanom grunnarbeidet og evt. varmekablar.), mens det pr.01.01.12 var kome inn kr. 73.788,50 på offer og gåver. Så det er eit lite stykke att. I mars vart det sendt søknad til bispedøme om endring av rekkverket som vi ventar svar på. Når desse tinga er på plass vert det å finne

nokon til å utføre arbeidet. Slik det ser ut no vil ikkje arbeidet kome i gong før etterjulsvinter/tidleg neste vår.

2: Reiskapsstativ på kyrkjegarden

Spm: På fleire kyrkjegardar er det bygt eit reiskapsstativ med enkelt tak over, der reiskapspane heng lett synleg og er beskytta mot regn. Eg har høyrte at soknerådet for ei god stund sidan gjorde vedtak om at vi skulle få eit slikt reiskapsstativ også ved Hornindal kyrkje. Kor står denne saka no?

Svar:

Grunnarbeidet er gjort, og dei to stativa vil verte sett opp straks det er ferdig.

3: Når vil soknepresten vår vere tilbake?

Prestetenesta i Hornindal har i ein lang periode vore utført av prestar som har gjort vikarteneste. Det er ei ordning som går for ein viss periode, men ikkje over lang tid. Og vi lurar på når soknepresten vår, Mari Saltkjel, vil vere tilbake i prestegjeldet vårt.

Svar:

Det veit eg ikkje pr. no, men pensjonert sokneprest Sigurd Stige, 67 år, vert tilsett i vikariat frå 15. august 2012. Han er soknerådsleiar og fellestrådsleiar i Aukra, og var sokneprest og kollega for proststen då han var res.kap. i Aukra.

Kultur- gudsteneste ved Svormuseet 5. august

Under avslutningsdagen for Kulturdagane i Hornindal innbyr Hornindal sokneråd til kulturgudsteneste i parken ved Anders Svors kunstmuseum. Tidspunktet er sett til kl. 12.30 m. a. for at Bygdekvinnelaget, som har ansvaret for folkefrukosten ved Hornindalsvatnet, skal kunne ha høve til å bli med.

Namnet kulturgudsteneste er valt m. a. fordi det blir innslag av ulike kulturutøvarar, både born, unge og vaksne. Preika vert ved Jon Ytrehorn, og organist blir Anitha Kvamme.

Etter gudstenesta innbyr museumsdirektør Morten Svendsen alle inn i museet der han vil fortelje om kunstnaren Anders Svor. Det blir og høve å studere den rike gjes-teutstilinga av tekstilkunst som Kjellaug Haugen Holter frå Loen/Oslo står bak.

Hornindal sokneråd

KAFFEKROKEN



Neste nummer får du i posten ca. 15. september. Redaktør blir Knut Sigurd Gald. Stoff kan sendast på e-post til post@kyrkjeklokka.no innan 25. august.